



Prosjektgruppa – politisk styringsstruktur Alver

Referansar:

Dykkar:

Vår: 17/1765 - 18/17172

Saksbehandlar:

Katarina Birkeland

katarina.birkeland@radoy.kommune.no

Dato:

28.11.2018

Uttale politisk styringsstruktur for Alver kommune om ungdomsråd

Radøy ungdomsråd diskuterte styringsstrukturen for ungdomsrådet på møte i ungdomsrådet måndag 19.november.

I dagens ungdomsråd i Radøy sit det 16 representantar med 6 vara. Ungdomsrådet har stort frammøte på møta, der 18-20 har deltatt på kvart møte i haust. Dette fungerer veldig bra, der både ungdomskule-elevar og vidaregåande er aktive. Rådet består av 7 ungdomsskulerepresentantar med vara og 9 representantar frå vidaregåande skule. Representantane frå VGS er fordelt på skular på Austrheim, Knarvik og i Bergen. Dei eldre fungerer som rettleiarar for dei yngre, noko som har vore positivt for Radøy ungdomsråd sin framgang og representantane sitt engasjement. Ungdomsskuleelevane vert valt for eit år, medan medlemmane frå vidaregåande vert valt for eit eller to år om gongen.

Uttale til politisk struktur i Alver kommune:

Struktur 1 & 2: Ungdomsrådet ønskjer ikkje strukturforslag ein eller to. Her er det ikkje tatt med representantar frå vidaregåande skule. Radøy ungdomsråd synest det er viktig å ha medlemmar frå vidaregåande i rådet. Det kan vera vanskelege og krevjande saker som kjem til behandling, og eldre ungdommar kan vera ei god støtte til dei yngre.

Ungdom på vidaregåande er også ein del av ungdomsmiljøet, og ungdomsrådet i Radøy synst det er viktig at også dei er representert i eit ungdomsråd.

Ungdomsrådet er einig i at medlemmane skal vera busett i Alver kommune.

Ungdomsrådet meiner at nokon av representantane frå vidaregåande skule kan bli valt for to år.

Dette for at representantar saman med kontaktpersonen kan læra opp nye ved oppstart om hausten.

Det er positivt at ungdomsrådet sjølv vel leiar og nestleiar.

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



I struktur 1 er ungdomsrådet ueinig med fordelinga av medlemmar. Her vil Lindås få fleire representantar enn Radøy og Meland tilsaman. Ungdomsrådet i Radøy viser til fellesnemnda for Alver kommune, der Meland og Radøy til saman har fleire medlemmar enn Lindås, og dette prinsippet må også gjenspeglast i ungdomsrådet. Ingen av kommunane skal ha fleirtal aleine.

I struktur 2 er det veldig få ungdommar som får delta. Eit større ungdomsråd kan gjera at det vert meir spreiding av representantar frå ulike bygder, men og på tvers av interesser og behov. Med fleire representantar er det ein større sjanse for at representantar driv med ulike fritidstilbod og at det også er uorganiserte representert. Dette ser Radøy ungdomsråd som positivt. Ungdomsrådet dermed i større grad kunne arbeida for at alle barn og unge sine interesser skal bli tatt vare på. Få representantar kan føra til at ei sak ikkje får ei så brei drøfting som ønskjeleg.

Ungdomsrådet i Radøy håpar at fleire ungdommar skal få mulegheita til å vera aktive. Rådet ser det som lite gunstig dersom det blir færre som får mulegheit til å engasjera seg i ein ny kommune, med tanke på kor mange som er aktive no i dei tre noverande ungdomsråda.

Struktur 3:

Radøy ungdomsråd stiller seg meir positiv til struktur 3. Men ønskjer nokre endringar:

Ungdomsrådet foreslår at ungdomsrådet består av 23 representantar. Ut frå representantane vert det sett saman fire ulike utval som arbeider med sine fagområde og innspel/uttalar som kjem inn.

Radøy ungdomsråd har i dag delt ungdomsrådet opp i fire felt som er:

1: Helse, 2: oppvekst, 3: kultur, idrett og fritidstilbod og 4: samfunn og miljø.

Dette fungerer godt, og på denne måten får ungdommane også arbeid i mindre grupper og alle er inkludert. Ungdomsråda har møte 6-8 gongar i året, medan utvala har møte og samarbeid ved behov.

Ungdomsrådet er positiv til å ha med representantar frå vidaregåande. Radøy ungdomsråd ønskjer ikkje at representantane skal bli valt ut berre frå Austrheim eller Knarvik VGS. Fleire ungdommar går på skular andre stader, som til dømes i Åsane eller Bergen.

Ungdomsrådet foreslår at representantane frå vidaregåande kan veljast frå ulike skular både i og utanfor Alver, men dei må vera busette i Alver kommune.

Ungdomsrådet i Radøy har sett litt på strukturen for korleis representantar vert valt i Sortland kommune. Her vert det kalla inn til ein kongress, der ungdommane møtest for å velja sine representantar. Her har vidaregåande-elever sendt inn ein søknad til kvifor dei ønskjer å verta valt, og ungdommane som deltar på kongressen stemmer på sine kandidatar. Ungdomsrådet er positiv til denne ordninga, men ser at det sikkert er nødvendig å velja representantar frå ungdomsskule på kvar skule.

Ungdomsrådet tenkjer at dette kunne ha blitt prøvd ut, og at vedtekter kan endrast etter kvart som ein ser behov for det.

Samansetting av ungdomsråd i Alver kommune:

Ungdomsrådet i Radøy tenkjer at det ved oppstarten ikkje må leggast avgjerande vekt på innbyggartal og elevtal ved den enkelte skule ved fordeling av representantar. For å få eit sterkt og aktivt råd på tvers av dei tre kommunane som går saman i Alver, er det viktig å få ei god kommunevis fordeling. Etter nokre år – når Alver er skikkeleg på plass, kan ungdomsråda sjølv endra vedtekter etter kva dei tenkjer vil vera den beste ordninga då.

Tre representantar frå Radøy ungdomsråd tar dette med seg inn i møte med fellesnemnda tysdag 20.november og har vert med på å former uttalen.

Ungdomsrådet foreslår kandidatar: 23 representantar

Radøy ungdomsskule	4 medlemmer + 4 varamedlemmer
Meland ungdomsskule	2 medlemmer + 2 varamedlemmer
Rosslund ungdomsskule	2 medlemmer + 2 varamedlemmer
Danielsen ungdomsskule	1 medlemmer + 1 varamedlem
Knarvik ungdomsskule	3 medlemmer + 3 varamedlemmer
Lindås ungdomsskule	2 medlemmer + 2 varamedlemmer
Ostereidet ungdomsskule	2 medlemmer + 2 varamedlemmer
Nordhordland kr. grunnskule	1 medlem + 1 varamedlem
VGS:	2 frå Radøy, 2 frå Lindås og 2 frå Meland

Med helsing

Katarina Birkeland
ungdomskoordinator

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Daniel Gjelsvik Kaland
Marte Vågenes Solheim
Steffen Vestheim Sævdal

Mottakarar:

Prosjektgruppa – politisk
styringsstruktur Alver